



Skulekoret avslutta programdelen med Jul i Svingen-songen.

Mandag kveld arrangerte Uskedal skule julefest. Dette året var den i Aktivitetshuset, og den vart halden etter same ramme som har fungert så godt i mange år. Men innhaldet var nytt, og det vart presentert eit program med flott variasjon og fine framføringar der alle dei 7 klassene bidrog.



Sivert og Oliver var flinke konferansierar.

Det starta stilig med 1.klasse som kom syngjande med lys inn i den mørklagde salen. Sjølv sagt var songen Santa Lucia. Deretter fulgte flotte program med dei ulike klassane. Her var det song og julespel, mange viste solid talent på instrument dei spelar, og programmet i salen vart runda av med at 7.klasse les juleevangeliet slik det er tradisjon, før skulekoret song Jul i Svingen.

Neste programsekvens føregjekk klassevis. Då samlast klassane i klasseromma sine og kosa seg med kaker og kaffi. Her var det også loddsal for å få dekkta utgiftene.

Juletregongen var siste post på programmet slik det skal vera på ein skikkeleg julefest. Det vert rapportert at det var gledeleg mange som var aktivt med på den i år. Flink 7.klassingar var forsongarar til juletregongen, og den dyktige kulturskuleeleven Jan Halvor Moss spelte til. Det var også trekking av matkorg etter loddsalet, som Andreas Haugse vann, før det var avsluttande ord ved FAU-leiar Halvard Enes. Ein svært vellukka fest som de får eit visst innblikk i gjennom bileta og oppsummeringa av programmet nedanfor. Uskedalen.no er svært takksame for dette flotte bidraget som Knut Johannes Ripel ordna, då vi sjølv ikkje hadde høve til å vera til stades.

#### Program:

1. klasse: kjem synjande inn i mørklagt sal, Santa Lucia.
  3. klasse: spelar og syng.
  7. klasse: The Juletalenter.
  2. klasse: På låven sitter nissen.
  4. klasse: Instrument og Juleklonken.
  5. klasse: Dans ( Hey-Ho).
  6. klasse: Nissen som fekk nye bukser.
  7. klasse les juleevangeliet.
- Skulekoret syng jul i svingen.  
 Klassevis julekos med kaffi og kaker, loddsal.  
 Juletregong med musikk av kulturskuleelev Jan Halvor Moss og song av 7 klasse.  
 Trekning av matkorg.  
 Avsluttande ord frå FAU leiar Halvard Enes



2.klasse



3.klasse.



3.klasse



4.klasse



5.klasse



5.klasse



6.klasse



6.klasse



7.klasse



7.klasse las juleevangeliet.



Flott avslutning med juletrégang.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Knut Johannes Ripel